


Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sørdorp kyrkje

# KYRKJEBLAD

## for NORD-FRON

Nr. 3 • HAUST 2019 • Årgang 64



## MARISKO

På ein tur i eit område med mange orkidear, fann eg desse som de ser på bildet: Marisko. Den største viltvoksende orkideen i Norge. I store norske leksikon vert det sagt følgjande om namnet på blomen:

*En så oppsiktsvekkende plante som marisko har vært navnsatt av folk overalt der den finnes. Mange av navnene er inspirert av sko og tøfler; marisko, (Jomfru) Maria gullsko, gaukesko, fruesko, tøfler, fruetøffel, tøffelblomster og Hellig Olavs tøffel. Også navn med bolle-temaet er registrert, så som Marias bolle og sanktolavsbolle.*

Dette er berre teke med i kyrkjebladet, til inspirasjon for alle som likar å vandre i naturen og sjå etter det som gror og veks. Mykje er vakkert! Og mange av oss har glede av å finne namn på det vi ser. Og her var det Marisko. Som så mange av namna vi har på blomar i landet vårt, så er namnet knytt til ein av dei bibelske personene. Maria, Jesu mor, er knytt til fleire planter.

Og no når vi pratar så mykje om å ta vare på naturen, på skaparverket, så treng vi kunnskap og mot til å handle på ein måte som gjer at dei som kjem etter oss, også skal få ta del i dei same gledene over alt det vakre i naturen.

*Jens Petter Ous*

# TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor  
Tlf 612 16 290  
Kyrkjevevjerje: Ragnar Løsnesløyken  
Tlf 612 16 292  
Sekretær: Grete Bakken  
Tlf 612 16 290

## KONTORTIDER:

Kl 09.00-13.00  
og elles etter avtale

## SOKNEPREST:

Jens Petter Ous  
Tlf. kontor 612 16 293  
Mobil 975 74 993

Terje Elvestad  
Tlf kontor 612 16 294  
Mobil 456 11 772

## DIAKON:

Ingunn Liseter  
Tlf kontor 612 16 286  
Tlf mobil 976 82 694

## TRUSOPPLÆRAR:

Hildegunn Maria Haanes Ruset  
Tlf kontor 612 16 286  
Tlf mobil 959 35 300

## KANTOR:

Cindy van der Leden  
Tlf 954 61 356

## SØDORP SOKN

Soknerådsleiar:  
Astri Sjøberg  
Tlf 906 69 047  
Kyrkjetenar/gravar:  
Anders Stø  
Tlf 612 90 974/909 60 650  
Kyrkjetenar:  
Frank Varpestuen  
Tlf 456 06 026  
Kyrkjetenar Ivar Kvande  
Tlf. 951 58 927

## KVAM SOKN

Soknerådsleiar:  
Eli Anita Lillereiten  
Tlf 996 22 966  
Kyrkjetenar:  
Svein Fredrik Kjæstad  
Tlf 908 45 584

## KVIKNE SOKN

Soknerådsleiar:  
Kristian Ekre  
Tlf 612 95 832/911 31 563  
Kyrkjetenar:  
Jan Smikop  
Tlf 951 22 470

## SKÅBU SOKN

Soknerådsleiar:  
Unni Bøyum Kluge  
Tlf 932 92 209  
Kyrkjetenar:  
Jan Smikop  
Tlf 951 22 470

## FAMILIE-RÅDGJEVING

Familievernkontoret, Otta  
Storgt 21, 2670 Otta  
Tlf 612 30 536  
Kl 09.00 – 14.00

Grafisk produksjon:  
Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.,  
[www.dg-trykk.no](http://www.dg-trykk.no)



# HEIM OG KYRKJE



## Døyppte

### KVAM:

Noah Moen Bildengjerdingen  
Mina Brendstuen  
Nathalie Øybrekken (Døyppt  
i Heidal kyrkje)

### SKÅBU

Louise Fagervold  
Selma Isfold Eriksen

### SØDORP

Oda Stakston  
Olina Stakston  
Even Grosberg Hoff  
Tobias Haugrud Lillegård  
Casper Svelstad Varpestuen  
Solveig Fagervold  
Theodor Lillegård Løkken  
Alma Snipsøy Sandbakken  
Tobias Butsopha-Ruudsengen  
Maren Nordfjæren Brandvol  
Anton Roven  
Amalie Aassveen Stø



## Vigde

### KVAM

Ingrid Brendstuen og Daniel Teigøyen

### SØDORP

Marit Mathisen Tokse og Jan Sigve Hagemoen  
Lene Sillibakken Ludvigsen og Lars Kolstad Sandbakken  
Tonje Grosberg og Thomas Stø



## Døde

### KVAM

Martha Synnøve Haugen (Urnedsettelse)  
Mabel Sigstadstø  
Torbjørn Bull Hansen Sandbu  
(Urnedsettelse)

### SKÅBU

Kristine Risdal  
Pål Syverhuset

### KVIKNE

John Helge Løvli

### SØDORP

Ellen Cathrine Krohg Øvrelid (Bisettelse)  
Odd Magne Haugen  
Marie Storrøvik  
Tolleiv Klåpbakken  
Ivar Sæther  
Hans Kampenhøy  
Gerd Akre Sæthersmoen (Bisettelse)  
Jul Gunnar Budsberg  
Ida Gunnbjørg Selnes Kvammen  
Rolf Øiumshaugen

**Kyrkjekontorets e-post-adresse:** [grete.bakken@nord-fron.kommune.no](mailto:grete.bakken@nord-fron.kommune.no)

**Heimeside:** [www.kirken.no/nord-fron](http://www.kirken.no/nord-fron)

## NESTE NUMMER

av «Kyrkjeblad for Nord-Fron» kjem ut i desember 2019.  
Frist for stoff: 25. november.

## KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Dette nummeret er redigert av  
Jens Petter Ous saman med dei tilsette ved Kyrkjekontoret.  
Redaksjonskomité: Randi Brendløyken (Skåbu), Anders Hage (Kvikne),  
Egil Myhre (Kvam), Aase Toxe Tveit (Sødorp).

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra  
Kontonummer: 2095.49.59776



## Hjelp gullfiskken ut i sjøen!

Den stakkars gullfiskken hamnar i do og må finne vegen gjennom røyra og ut til sjøen. Kan du hjelpe han?




## Finn fem feil!

Noah bygde ein stor båt med plass til familien og mange dyr. Gud redda dei frå flaumen. Dei to bileta er nesten like. Finner du de fem feila på biletet under?



## Fargelegg!



Teikningar: Trevor Keen

Gje barnebladet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene  
er henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sundagsskolen.no](http://sundagsskolen.no)  
eller **22 03 77 00**



## Vitsar

Har du høyrte om  
skipet som var på veg  
frå Hongkong til Oslo  
lasta med jojoar?  
Det sokk 143 gongar  
på vegen.

– No kan det  
ikkje bli verre! sa  
pessimisten.  
– Å jo, då! sa  
optimisten.

Kvifor hatar  
kengurumødrer regn-  
versdagar?  
Svar: For då må barna  
leike innandørs.

# Sommargudstenestene 2019

Når dette vert skrive, er vi midt på sommaren. Finveret har kome for å bli ei tid. Det passar bra når vi har gudstenester ute. I år har vi dåp på tre av desse ute-gudstenestene, i Bakkestugu, ved Rondablikk og på Fagerli. Det er mykje som går an å få til når ein har gode medarbeidarar! Det er difor eg skriv om sommargudstenestene i kyrkebladet:

Takk til alle dykk som på ulike måtar sørger for at det let seg gjera å ha desse gudstenestene. De som låner ut stader vi kan vera, de som sørger for kaker og kaffe og alt som skal til på kyrkjekaffen etter gudstenestene, og til dykk som kjem og deltek og skapar det fellesskapet som det er godt å vera ein del av!

*Jens Petter Ous*



*Frå Fagerli.*



*Flottare altartavle enn Rondane, kan ein vel ikkje finna!*



*Diakon Ingunn har leia mange gudstenester i sommar – her frå Bygdatunet i Sodorp.*

## Kyrkjekonsert i Skåbu i samband med «LIV LÅGÅ»

I år var kyrkjekonserten i samband med «Liv lågå» i Skåbu – 21.juli 2019 – ei fantastisk oppleving, både musikalsk, men også i og med at det var ungdomar frå eller med tilknytning til Skåbu. Simen Iverstuen Blekastad frå Skåbu, spela på orgelet, og Hanna Leinebø Ekre, med bestemor, onkel og tante og syskenborn frå Tverrbygda, song og spela piano attåt. Og vi som sat i kyrkjebenkane gledde oss over musikk og song på eit høgt nivå.

Konserten byrja med eit fellesnummer; Simen spela orgel og Hanna song til. Så kom det ei avdeling med orgelmusikk, der Simen fortalde litt om det han spela. Om eg nemner namn som Buxtehude og Bach, så seier eg noko om både krevjande og kjend orgelmusikk. Og dette vart framført på ein, sett frå ein amatør sin kunnskap, framifrå måte! Imponerende, rett og slett!

Etter orgelmusikk vart det song ved Hanna. Ho spela piano til sjølv. Fyrst fekk vi ei vise av Prøysen, så vart det salmar, og sistpå kom songen som mange av oss kjenner godt; «Gje meg handa di, ven». Hanna batt det heile saman på ein personleg og god måte. Ei god stemme har ho Hanna, vår og samstundes med kraft der det trongs, og det bar godt også på dei høgste tonane (seier eg som aldri kjem opp på dei høgste tonane på «Gje med handa di, ven»!).


Konserten vart avslutta med eit fellesnummer av Hanna og Simen.

Lang og god applaus etterpå, fortel om ei nøgd forsamling i kyrkja. Og vi ynskjer Simen lukke til med orgelstudier i Oslo og Hanna med musikkstudier med meir, på NLA-høgskolen Staffelsgate, også i Oslo.



*Flott konsert i Skåbu kyrkje ved t.v Hanna Leinebø Ekre og Simen Iverstuen Blekastad*

# Pinsestemne på Veøy



*Den vakre havna til vesle Veøy.*


Mange av dykk har sikkert lese og blitt fascinert av *Slåttekar i himmelen* og *Jordmor på jorda* av Edvard Hoem, og sjekka på kartet kvar Nesjestranda er, der hovudpersonane i bøkene budde. I sistnemnde roman følgjer vi Marta Kristine Nesje i hennar strabasiose kvardag som mor, kone og jordmor på strendene og øyane i Romsdalsfjorden på midten av 1800-talet. Vi høyrer bl.a. om strabasiose roturar til fødsjar ute på Veøy, der det var eit lite samfunn med prestegarden som sentrum.

Midt i Romsdalsfjorden ligg Veøy og Sekken. Veøy er på berre 1,1 km<sup>2</sup>, naboøya Sekken er 18,7 km<sup>2</sup>. Tek du ferje frå Åfarnes, kan du til venstre skimte den kvite steinkyrkja på Veøy like før du når Sølsnes.

På Veøya har det vore busetnad sidan yngre steinalder (4000-1700 f.Kr). Sentralt plassert og med god hamn har øya vore ein samlingsstad i uminnelege tider. Det var ein viktig administrasjons- og handelsstad i vikingtid og mellomalder. På det meste budde det 2-3000 menneske her. Men Svartedauden på midten av 1300-talet førte til sterk nedgang i folketalet, og etterkvart vart det berre presten og hans hushald att. Den siste presten flytta til fastlandet i 1896. I 1905 vart prestegarden seld til familien Coucheron-Aamot, som i 1990 testamenterte han til Romsdalsmuseet. Molde kommune eig sjølve kyrkja. Nordre del av



*På veg til pinsegudsteneste*



*Sjekk den trimma grasbakken!*

øya vart freda som landskapsvernområde i 1970. Det er i dag ingen bufaste på Veøy, og det går ikkje rutebåt dit.

Som elles på kysten var det kontakt mot vest, og kristendomen kom tidleg frå England/Irland. Arkeologiske utgravingar dokumenterer at det var kyrkje her så tidleg som ca. 950, og at det vart praktisert kristne gravskikkar nærmare 80 år før slaget på Stiklestad! Den einaste kyrkja som nå står, er av stein, i romansk stil, bygd 1140-1200, vigd til apostelen Peter. Ho har rikt interiør frå 1600-talet, blant anna med ei «utbrett-altertavle» som vi ikkje ser så ofte. Når ho er atte, ser vi engelen Gabriel på eine dørbladet, som kjem med bod til Maria, på det andre dørbladet. På festdagar opna dei slike tavler, og mot kyrkjelyden stråla den flottaste dekor, som elles i året var skjult. På kyrkjas fødselsdag lyste den oppslatte tavla mot oss. Sparsam med bilete, tidleg etter-reformatorisk som ho er, men med «Fader vår» og Bibel-ord i vakker skjønn-skrift omkransa av fargerik ornamentikk. Kyrkja har ikkje vore i vanleg bruk etter 1907.

MEN: Kvar pinse blir det halde «Pinsestemne» på Veøy! Og det er litt av ein happening, som det heiter nå for tida! Romsdalsmuseet hyrer båt, og folk strøymer til. Dette ville vi vera med på i år.

1.pinsedag i 2019 var 9.juni. Mann, hund og eg overnatta i bilen ved kaia til ferietomme Nesje møbelfabrikk, der det skulle gå snøggbåt frå søndag morgon. Vi stussa over å vakne til ein framleis aude plass. Men plutselig rende det på med bilar og blide folk med ryggsekk og tursko. Båten, som vel tok rundt 50 passasjerar, måtte køyre fleire vendingar. Dyr fekk vera med, så lenge dei var på dekk. Vi sat saman med klokkaren og familien, og fekk viktig informasjon om staden. Det tok ikkje mange minutt over. Der låg det mange båtar for anker, med pinsegjester som hadde teke seg dit sjølv.

Straks vi sette foten på land, merka vi den spesielle stemninga på «den heilage øya», som Veøy betyr (vé:

heilagdom). Det var fred og ro som ikkje kan forklarast. Og så vakkert! Sola skein. Men merkeleg: Freda område brukar gro att, men her var det opne, grøna vangar som nyklypt plen!? Kyrkja reiste seg tett, kvit og majestetisk på ei 35 meters høgde. Det var lenge til messa. Sakte gjekk folk småpratande opp, spreidde seg i grupper, rusla rundt. Alle var joviale og blide. Og utanfor kyrkjegardsgjerdet såg vi krattryddarane og grasklypparane! Vel hundre gammalnorsk villsau tek jobben. Trauste søyer beitte og små lam i alle jordfarge-kulørar spratt omkring, trygge mot rovdyr.

Så ringde det inn. Mange av oss hadde alt vore inne og sett; men nå var det høgtid. Dei som hadde hund, sat att ute og lytta frå open dør. Ein jentunge hadde faktisk med liten geitekillling, som gjekk fint i hundesele.

Prest Magne Furuseth heldt ei god preike. «You never walk alone» vart uvanleg vakkert framført på fiolin (Geir Heggdal) og harmonium (Inge Holm Nygaard), og sanneleg fekk vi også synge den vakraste av alle pinsesalmer: «I all sin glans nu stråler solen». Eg opplevde kyrkja som full, og ho har 400 sitteplassar. Det var omvisning i prestegarden også, men vi valde å nyte tida ute framfor å sjå inn i embetsmannsstover.

På kyrkjebakken hadde Skåla idrettslag diska opp med mat. Ikkje berre kaffe og kaker; også sunnare ting som oppskore frukt og salatar. Her var det berre å kjøpe seg lunsj og støtte lokal idrett.

Til slutt vil eg nemne at Veøy var ein viktig kvilestad for pilegrimar som følgde sjøleden til Nidaros i mellomalderen. På øya finst i dag ein pilgrimsstig (kort, sjølv sagt), som Veøy sokneråd har gjort litt ut av. Straks du stig i land på kaia, ser du ei tavle og ei kasse med nokre tynne hefte du kan ta. Det viser kart over stien. Den har fem «stoppestader», der du kan reflektere sjølv - eller samtale med nokon - over oppgjevne tema, som er: «Tro. Håp. Kjærlighet. Underveis. Hjem».

Og aller sist vil eg anbefale alle som kan å reise til Veøy i pinsa!

*Nora Stormyrbakken*



*Altartavla i gamle Veøy kyrkje.*

# KONFIRMANTLEIR 2019



*Nord-Fron konfirmantar på leir.*

For niande gong reiste nye konfirmantar frå Lesja, Dovre, Sel og Nord-Fron på leir til Nordfjord folkehøgskule på Vereide. Fem flotte dagar i juni, heilt på starten av skuleferien. Her frå Nord-Fron var vi mange med i år; 55 konfirmantar, 11 ungdomsleiarar og 8 vaksenleiarar.

Konfirmantleir er både «skule» og ferie. Bortimot halve konfirmantundervisninga er lagt til leiren (25 timar). Dagane har sin rytme: Frukost fram til kl 09.00. Så går det slag i slag: laudes (morgonbøn), storgrupper i samhandlingsløype, i gamle kyrkjebåtar på fjorden, på pilgrimsvandring eller på bibelspor (bli kjend med bibelen). Alle er med på desse aktivitetane. Midt på dagen er det fritid. Nokre spelar fotball, nokre er i buldrehuset (klatring), nokre prøver kajakk på fjorden, nokre er på romma og nokre nyt finveret på plenane. På kvelden er det lokale samlingar – kvart prestegjeld for seg – det er gruppemøter og det er filmkveld og mykje meir. Og kvar kveld avsluttast i Vereide kyrkje med kveldsbøn – completorium. Og vi får med oss både gjestebod og dåp (Ungdomsleiarane har roller i desse handlingane).

Og siste heile dagen på leir er prega av fotballfinalar og festkveld med festmåltid. Underhaldninga lagar vi sjølve! Og når alt program var over, vart det diskotek til godt over midnatt.



*Moro på leir for både ung og gamal - her frå gjestbodet.*

Fredags morgon rydda vi etter oss og feira stor gudsteneste i Vereide kyrkje. For nokre av oss er dette eit av høgdepunkta!

For oss som driv konfirmantarbeidet i kyrkjelydane, ser vi at leir gjev oss mange ressursar som vi ikkje har når vi driv på kvar for oss. Konfirmanttida blir meir interessant og erfaringane av livet i kyrkja blir meir nyanserte for konfirmantane. Når vi samstundes veit at konfirmanttida og kravet til undervisning vart dubla for nokre år sidan –



*Kvamsgutane song så det høyrdest!*

frå 30 til 60 undervisningstimar – så ser vi at leirkonseptet gjev oss høve til å skapa i konfirmanttid med stor variasjon i opplegg og gode opplevingar for konfirmantane.

Til slutt: Konfirmantleiropplegget krev innsats av fleire enn dei tilsette i kyrkja. Så her følgjer ei takk til våre ungdomsleiarar; Mari, Anna, Lars Kristian, Kristian, Aina Kristine, Ruth, Oliver, Julie, Hanna, Kristin og Yaalini. Og vi på kyrkjekontoret set stor pris på vaksenleiarane vår,

Berit og Kjartan som med si erfaring og kunnskap bidreg til å gjera leiren god for ungdomane vår. Og Kirsten Dina og Per Arne tok seg av det medisinske på ein framifrå måte, og tok mange bekymringar frå skuldrane til oss i leiarteamet.

***Takk til dykk alle!***

*Jens Petter Ous*

## *Konfirmanter Kvikne kyrkje 1. juni 2019*



*Frå venstre: Karina Haug Doksæter, sokneprest Jens Petter Ous og Marthe Sylte.*

## *Konfirmanter Skåbu kyrkje 9. juni 2019*



*Frå venstre: Johan Rønningen Rognli, sokneprest Jens Petter Ous og Ruth Møllerplass Huse.*

# Kyrkjegardsvedtekter for Nord-Fron

§ 1 Kyrkjegardane i Nord-Fron er underlagt Nord-Fron kyrkjelege fellestråd sin administrasjon og avgjerdsrett. Saman med kyrkjevevja styrer fellestrådet kyrkjegrådane, og har ansvaret for at gjeldande lover og vedtekter vert følgt.

§ 2 Rett til gravplass har alle som bur i soknet når dei døyr. Likeeins dei som døyr medan dei er der, når det vil vera urimeleg at dei vert førde til heimstaden. Andre kan få gravplass etter særskild løyve frå fellestrådet, og med kyrkjevevja si tilråding, og mot å betale dei avgifter som er fastsatt til ein kvar tid.

§ 3 Fredningstida for kistegraver og urnegraver er 20 år. Alle som bur i soknet har rett til fri grav i 20 år. Ingen kan førhandsfeste grav. Det er berre i samband med dødsfall at det er høve til å feste særskild gravstad. Det kan festast grav for attlevande ektefelle, og likeins etter søknad til kyrkjeleg fellestråd, for andre nære slektningar der dette er naturleg. Det er høve til å feste to graver ut i frå den plassen som til ein kvar tid er til rådvelde på kyrkjegarden. Festeavgift vert fakturert årleg.

§ 4 Grav skal påvisast av kyrkjevevje eller den som kyrkjevevje gjev fullmakt. Ved gravferd kan gravminne leggjast ned eller setjast bort medan ein opnar og fyllar att grav.

§ 5 Før gravminne vert oppsett, skal dei vere godkjende av kyrkjevevja eller den som kyrkjevevja har gitt fullmakt. Til gravminne skal det nyttast material som er varig og krev lite vedlikehald. Gravminne ska ikkje veie meir enn 300 kg. Høgda er maksimum 150 cm og breidde er maksimum 85 cm. Ståande gravminne skal vere festa til eit fundament med to boltar. Gravminne kan ikkje setjast opp utan at kyrkjevevja eller den som kyrkjevevja har gitt fullmakt er til stades og tilviser plass og kontrollerer fundamenteringa. Fundamentet skal ha ei form og ein storleik som hindrar at gravminnet veltar, og skal ha ei anleggsflate som er minimum det doble av anleggsflata på sjølv gravminnet. Fundamentet skal ikkje gå over bakken. Gravminne i naturstein/skifer skal også setjast på sokkel.

§ 6 Så snart råd er etter gravlegging, skal grava gjerast i stand ved å planera jamnhøgt med bakken og såast til. Dette skal gravaren gjera i samråd med dei pårørande. Grava kan ha særskild innramming. Kravet er at det brukast kantstein som følgjer med gravminnet eller lignande stein. Innramminga skal ligge jamnhøgt

med bakken. Det tilplanta feltet/innramminga på grava skal ikkje vera breiare enn gravminnet, og skal ikkje gå lenger fram enn 60 cm, målt frå baksida av gravminnet. Det kan ikkje plantast vekstar som går utover gravminnets breidde eller høgde. Det er berre tillat med plantefelt på ei side av gravminnet. Det er dei pårørande sitt ansvar til ein kvar tid å halde gravminnet ved like og forsvarleg sikra. Fellestrådet kan rette opp skeive gravminner mot kompensasjon etter gjeldande takster. Etter arbeid på gravane må alt avfall fjernast, sorterast og leggjast på tilvist plass. Alle som har graver pliktar å rette seg etter pålegg frå kyrkjevevja/fellestrådet.

§ 7 Kister som ikkje oppfyller rimelege krav til styrke, tettleik, evne til nedbryting, utvendige mål og sømeleg utsjånad, kan nektast brukt. Det er ikkje høve til å bruke plast eller anna uforgjengeleg material til svøp i kister. Spesialkister som er brukte for lengre transport, kan berre brukast mot at grava si fredningstid vert dobla. Urner som vert gravsette skal vera av forgjengeleg material. Urner kan berre setjast ned når kyrkjevevja, eller den som kyrkjevevja har gitt fullmakt, er til stades.

§ 8 Sokneråd og fellestråd er ikkje ansvarlege for skader på graver og gravutstyr ved naturhendingar, hærverk, tjuveri eller liknande. Dei styrande er heller ikkje ansvarlege for skader som skuldast bruk av andre graver i nærleiken, med mindre kyrkjegardspersonalet har vist aktløyse.

§ 9 Portane til kyrkjegarden skal haldast attletne. Kyrkjegardsfreden må ikkje brytast ved leik eller anna uro. Køyring på kyrkjegarden må berre skje med kyrkjevevja sitt samtykke. Sykling er forbode, og hunder må ikkje takast med.

§ 10 Bårerom ved kyrkja vert disponert av kyrkjeleg fellestråd og skal brukast til rom for den døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge til bårerommet utan løyve. Liksyning kan berre finna stad etter samtykke frå den som syter for gravferda, og er dei kyrkjegardstilsette uvedkomande.

§ 11 Sokneråda syter for tilstrekkeleg kunngjering av vedtektene. Alle som fester grav på kyrkjegardane i Nord-Fron skal få eit eksemplar av vedtektene.

# Trusopplæring med fellesskap for alle i fokus



No rullar kvardagen i gang att etter ein lang sommar. Dei fleste synes det er godt med kvardag, medan andre byrjar å lengte etter neste ferie med ein gong. Det er viktig å stoppe opp og gi kvarandre og ein sjølv pusterom, koselege stunder og opplevingar også i kvardagen! Vi håper at møtepunkt i kyrkja kan bli ei slik god stund for dykk gjennom hausten og vinteren. Alle har ulike kvardag, med ulike utfordringar. Nokon pratar ope om det som er krevjande, medan andre ikkje sett ord på det og prøver å skjule det som er tungt. For nokon er arbeidet krevjande, for andre er det familielivet som er tungt. Nokon slit med økonomien, andre slit med helse. Mange synes at samspel med barna er vanskeleg i ein travel kvardag. Det blir meir roping og krangling enn vi ønsker. Vi veit aldri kva dei rundt oss har i sin kvardag. Men det er ganske sikkert at alle treng nokon, i stort og smått!

Mange ender opp med å trekke seg vekk frå fellesskapet i slike situasjonar, fordi ein ikkje klarer å legge skjul på det som er vanskeleg og ein ikkje vil vise andre korleis ein

har det. Som oftast vil dette berre gjere kvardagen endå tyngre! Det er nettopp når vi kjenner at «det røyner på», at kreftene ikkje strekk til, at vi treng eit fellesskap! Kyrkja i Nord-Fron ønsker å skape rom for fellesskap der vaksne, barn og familiar kan finne glede og samhold. Enten ein treng støtte i ein krevjande kvardag, eller ein berre ønsker å være i lag med andre, kan ein komme til kyrkja for fellesskap med Gud og for fellesskap med kvarandre.

Det er mykje variert program på våre samlingar, men felles for dei fleste samlingane er det at vi syng i lag, lagar fine ting, lærer ting og opplev ting. Eg håper mange familiar vil finne vegen til våre arrangement denne hausten og vinteren. Det kjem snart annonse i avisa med datoar for LAURDAGSKLUBB og SUPERTYSDAG. Til dei aldersbestemte samlingane kjem det invitasjon i posten. Følgj elles med på vår Facebook-side Kyrkja Nord-Fron.

**VELKOMEN TIL GAMLE OG NYE VENER!**

## Team Båt – Korsang for store og små i kyrkja i haust!

Vi har lenge hatt lyst til å tilby kor-song i kyrkja, både for små og store. No køyrer vi ei inspirerende kor-helg for heile familien for å «lodde stemninga» for å gjere kor til ein del av trusopplæringsarbeidet. Vi køyrer på med eit skikkelig bra opplegg med gruppa **Team Båt** som tilbyr ei forrykande kor-helg for heile familien! Dei skriv om seg sjølv: «Som livets mangfoldighet, serverer Team Båt en herlig musikalsk blanding. Barn og voksne får mulighet til å kose seg med ballader, smile til teologisk reggae og kaste seg med i heftige rockelåter. Låtene er lekent arrangert og gir et liveaktig preg, som i stor grad formidler Guds glede.» Kor-helga blir 19. oktober med øving laurdag på dagen og konsert på kvelden. Ein kan være med kun denne helga, eller være med på øvingar i forkant. Øvingane



*Her er den leikne gjengen som kjem med forrykande band og kor-instruktørar til Vinstra i oktober!*

blir del av SUPERTYSDAG og LAURDAGSKLUBB denne hausten. Detaljert program for korhelga kjem etterkvart på Facebook. Ein kan og ringe Kyrkjekontoret med spørsmål. Håper mange vil være med å syngje og at mange kjem på konsert!

## ANDAKTER SUNDHEIM HØSTEN 2019

### ONSDAGAR

KL: 10.45: Sundtunet  
KL: 11.30: Stutten (2. et)  
KL: 12.30: Vest Kl.13.00: Aust

### Andakter:

18.sept, 30.okt, 13.nov, 27.nov, 11.des, 18.des.

### Gudstenester:

Søndag 20.okt 11.30, Tysdag 24.des. kl 12.00.

20. OKTOBER 2019



TV-AKSJONEN NRK

GET RHYTHM  
presenterer  
CASH IN CHURCH

FREDAG 11. OKTOBER KL. 19:00  
KVIKNE KYRKJE

Billetter kr. 230,- // Forhåndssalg på kyrkjekontoret

OTTA LYD  
booking@ottalyd.com

Arr: Kvikne Sokneråd

Bøssebærer? Kontakt L. Fjelseth, 911 37 625



Sorg er ei naturleg kjensle på noko vondt og vanskeleg. At ein har mista ein av sine nære, kan vera ein lang prosess.

*Mange er våre tårer, her,  
blant de tusen spørsmål.  
Gud, du som ser vår dype sorg,  
vi ber deg: Vær du vår trøst!*

**VI HER FOR DEG; – Behov for nokon å snakka med? – Ein lyttar? – Forbøn?**  
*Tilbodet er gratis og vi har teiesplikt.*

Sokneprest Jens Petter Ous  
Tlf: 61 21 62 93  
Mobil: 975 74 993  
E-post: Jens.Petter.Ous  
@nord-fron.kommune.no

Sokneprest: Terje Elvestad  
Tlf: 61 21 62 94  
Mobil: 456 11 772  
E-post: Terje.Elvestad  
@nord-fron.kommune.no


Diakon Ingunn Liseter,  
Mobil: 976 82 694  
E-post: Ingunn.Liseter  
@nord-fron.kommune.no

Den norske Kyrkja i Nord-Fron, Kyrkjekontoret: Tlf: 61 21 62 90  
Tilgjengeleg for deg heile døgnet! <https://nettkirken.no/> og [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)



# Ny bok frå produktiv forfattar

Av Kjartan Ruset



Jan Sæterli, tidlegare redaktør av «Kyrkjeblad for Nord-Fron», er ute med si sjuande bok. Denne gongen ein doku-roman, med stoff frå Jans eigen familie. «Mor Inga» er forteljinga om hans eiga mormor, og samstundes eit interessant tidsbilde frå livet lengst nord i landet vårt.

- Det var fyrst tenkt som ei forteljing for familien, men etter kvart vart teksten så omfattande at eg tenkte det kunne bli ei bok, fortel Jan til Kyrkjebladet.
- *Du har personlege minner om mormor?*
  - Ja, ho budde med oss i oppveksten og var ein del av kjernefamilien, så eg har nære og kjære minner om henne. Ho var ei kvinne som visste kva ho ville. Men i det stille var ho ein «barmhjertig samaritan», som alltid var der med ei hjelpande hand når nokon trong hjelp. Ein vinterdag såg ho ein mann som strevde seg over isen på vatnet nedanfor huset vårt. Det var stri vind og kaldt, og mannen var dårleg kledd. Då spende ho på seg skiene og gjekk han til møtes med eit ullteppe som han fekk tulle omkring seg, og med det tok han seg vidare i snøføyka til dit han skulle.

Mor Inga vaks opp i Gammelvær i Loppa i Vest-Finnmark, i ein talrik søskenflokk. Ho vart gift 19 år gamal i 1901, og fødte elleve born. Sju vaks opp. Ho og mannen

Peder leigde hus i hans heimkommune Malangen dei fyrste åra, men dei vart bureisarar etter 17 år, i 1918, i Fjellbygda. I 1946 vart ho enke. Ho døde i 1960, 78 år gamal. I minneorda sa presten mellom anna at ho var "ei bauta i bygda." No får ho sitt portrett i barnebarnets forteljing. Jan Sæterli, no pensjonist, har 15 år som lærar og 20 år som journalist bak seg. Men korleis kom han til å bli forfattar?

- Då eg kom i framhaldskulen, møtte eg litteraturen for fyrste gong. Eg hadde lest mykje i dei vanlege barne- og guttebøker, men den fyrste boka som betydde noko for meg, var Tarjei Vesaas sin roman «Det store spelet». Det var ei bok som sette tankar i sving, med personar eg kunne kjenne meg att i.
- *Di eiga bok «Valget» har mykje same problematikk som i «Det store spelet»?*
  - Det stemmer kanskje. Det handlar om kva ein ungdom, ein odelsgut, vil med livet sitt, i høve til jorda og bruket som eigentleg er hans.

Av bøkene Jan har skrive, er det ein reisedokumentar, to romanar og ei barnebok. «Mor Inga» synest å bli ein spennande tilvekst til eit allereide allsidig forfatterskap.

**SpareBank**  
GUDBRANDSDAL  
Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no



**Vekstra**  
Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra  
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang  
Tlf 61 29 52 70



**Lymoens Gartneri**

Gammelgata 26, 2640 Vinstra - Tlf. 61 29 15 46 - 901 41 354

**Vinstra;libris**

Peer Gynt Kjøpesenter | 2640 Vinstra  
Tlf: 61 29 04 09 | vinstra@libris.no  
www.libris.no/vinstra

**Dale-Gudbrands Trykkeri a.s**

2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50.

www.dg-trykk.no



**HÅREK**  
FRISØRSALONG  
-KVAM-



Vinstra.  
Tlf 61 29 04 01

**TOYOTA**

**DOKKEN BIL AS**

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra  
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota

**Hageland**  
Bjørke



Tlf 915 750 74

Vi hjelper deg med blomster til  
begavelse og andre anledninger.

**OM Bakken Bygg AS**  
ENTREPRENØR - HUS OG HYTTER

Lomoen - Vinstra  
Tlf. 61 21 60 00  
Fax 61 21 60 01

*Bakken*  
*Begravelsesbyrå* Tlf. 47 68 22 27



**Gudbrandsdal**  
**Energi**

Tlf. 61 29 47 00 - www.ge.no



Tlf. 61 29 49 40 - www.rondablikk.no

Rondablikk har lokaler som dekker det fleste behov:

- Barsedåp • konfirmasjon
- bryllup.

Og om det er noen som runder år,  
er dere velkomne til å feire dette sammen med oss.  
Nyt middagen til med utsikten til fantastiske  
Rondane.

**Lore Søndenfor**  
Landbruksentreprenør Tlf 901 97 409

**SENTRUMS**  
**HJØRNET**

Elvevegen 4 - Kvam. 906 39 181

**Vinstra Begravelsesbyrå**

*Liv Veikleengen*

Liv: 958 99 899 - Lise: 995 82 943

Døgnvakt – Gravmonumenter  
Etablert 1979

**RUSTUGUSETRA**

Parkering - Butikk - Transport - Hytteservice

Tlf. 61 29 49 46 - Mob. 909 98 173  
2642 Kvam

**TEIGEN – TANGEN**  
**byggfirma**

Mob. 95 94 87 11 og 95 25 87 30

**Peer Gynt Seterveg**

Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km.  
Den møter Kvam Sterveg på grensa Sødorp/Kvam.

Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!

Se og les mer på: [www.peergyntseterveg.com](http://www.peergyntseterveg.com)



**ruste regnskap**

Strandgt. 54, 2640 Vinstra. Tlf: 61 29 26 60 / 924 64 529  
E-post: post@rusteregnskap.no

# REMA 1000

Lomoveien 1, 2640 Vinstra  
Tlf. 61 29 50 00

# CIRCLE K

Kvam  
Tlf 61 29 44 30

# KIWI mini pris

KIWI KVAM  
TLF. 612 16 850

HVEM KAN SLÅ

## Anne Kari Haugalien?

MIDTDALENS HUMORDRONNING  
OG SELVERKLÆRT MOSJONIST

# Furusjøen rundt FOR ALLE!

RENN RITT LØP

Aktive og mosjonister  
Flere distanser  
Ulike utfordringer

 **Sterk & Smidig**  
trening for alle  
Tlf. 922 50 868

 **Toksekleiva**  
HUNDEPENSJONAT - VINSTRA  
Tlf. 971 88 621

# Fronraktor Service

Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.



## SLANGEN SETER

Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu  
E-post: [post@slangen-seter.no](mailto:post@slangen-seter.no) - [www.slangen-seter.no](http://www.slangen-seter.no)

Minnesamvær, barkedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.

Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.



Skåbu Servicesenter  
Hos Rødhette & Ulven

- Restaurant • Bar
- Catering • Cafe
- Kokken hjem/På hytta

61 29 55 86 - 975 62 208  
2643 Skåbu - [facebook](https://www.facebook.com/skaabu)

Velkommen

# coop marked

**SKÅBU REGNSKAP AS**

[post@skaaburegnskap.no](mailto:post@skaaburegnskap.no)

Tlf.: 413 83 898

MEMBER  
REGNSKAP  
NORGE



## KLYPPEKROKEN

TOVE IREN ERIKSEN

Tlf. 97 73 72 14

## STØTT VÅRE ANNONSØRER!

### NYE ANNONSØRAR

er velkomne frå og med neste nummer. Ta kontakt med Kyrkjekontoret, tlf. 612 16 290.

E-post: [grete.bakken@nord-fron.kommune.no](mailto:grete.bakken@nord-fron.kommune.no)

# Gudstenester i Nord-Fron hausten 2019

	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
Vingardssøndag <b>15.september</b> Matt 19,27-30	11.00 Kyrkja Høgmesse og konfirmantjub/present. Jens Petter Ous	17.00 Hausttakkefest. Nattverd. 4-og 5-åringar deltek. Jens Petter Ous		11.00 Høgmesse og konfirmantjub/present. Terje Elvestad
15.s i treeiningstida <b>22.september</b> Joh 15,9-12	17.00 Kyrkja Hausttakkefest. Nattverd. 4-og 5-åringar deltek Terje Elvestad		11.00 Hausttakkefest. Nattverd. 4- og 5-åringar deltek. Terje Elvestad	
16.s i treeiningstida <b>29.september</b> Matt 11,16-19				11.00 Hausttakkefest. Nattverd. 4-og 5-åringar deltek. Terje Elvestad
17.s i treeiningstida <b>6.oktober</b> Mark 5,35-43	17.00 Kapellet Eftasmesse. Nattverd. Jens Petter Ous	11.00 Høgmesse. Nattverd. Jens Petter Ous		
18.s i treeiningstida <b>13.oktober</b> Mar 1,40-45	11.00 Kyrkja Høgmesse. Nattverd. Jens Petter Ous		19.00 Kveldsmesse. Nattverd. Jens Petter Ous	
19.s i treeiningstida <b>20.oktober</b> Luk 9,57-62	10.30 Sundheim Høgmesse. Nattverd Terje Elvestad	17.00 Eftasmesse. Nattverd. Terje Elvestad		
Bots- og bøneding <b>27.oktober</b> Luk 15,11-32				11.00 Høgmesse Nattverd. Terje Elvestad
Reformasjonsdagen <b>Torsdag</b> <b>31.oktober</b> Joh 1,16-17	19.00 Kapellet Kveldsmesse. Nattverd. Konfirmantane og Terje Elvestad			
Helgemesse <b>3.november</b> Luk 6,20-23	11.00 Kyrkja Helgemesse Terje Elvestad	17.00 Helgemesse Jens Petter Ous	11.00 Helgemesse Jens Petter Ous	19.00 Helgemesse Terje Elvestad
22.s i treeiningstida <b>10.november</b> Luk 10,25-37	11.00 Kyrkja Høgmesse. Nattverd. Presentasjon: nytt sokneråd Jens Petter Ous			
23.s i treeiningstida <b>17.november</b> Matt 24,35-44			11.00 Høgmesse. Nattverd. Presentasjon: nytt sokneråd Jens Petter Ous	
Kristi kongsdag <b>24.november</b> Joh 9,39-41		11.00 Høgmesse. Nattverd. Presentasjon: nytt sokneråd. Terje Elvestad		
1.søndag i advent <b>1.desember</b> Matt 21,1-11	11.00 Kyrkja Familiiegudsteneste: «Lys vaken -borna og Jens Petter Ous			19.00 Ljosmesse med konfirmantane og Jens Petter Ous. Presentasjon: Nytt sokneråd
<b>JULEKONSERTAR</b> <b>Datoar seinare</b>	Korps/ kor/ kulturskule	Korps/ kor	Sjå side 12	Skåbukora mm
2.søndag i advent <b>8.desember</b> Joh 14,1-4		17.00 Ljosmesse med konfirmantane og Jens Petter Ous	19.00 Ljosmesse med konsertinnslag. Konfirmantane og T. Elvestad	
3.søndag i advent <b>15.desember</b> Matt 11,2-11	19.00 Kyrkja Ljosmesse. Konfirmantane og Terje Elvestad			
4.søndag i advent <b>22.desember</b> Luk 1,46-55			11.00 Familiiegudsteneste Vi pyntar juletreet Jens Petter Ous	

Alle gudstenester vert annonsert i GD på fredagar. Sjå ellers nettsida: [www.nord-fron.kirken.no](http://www.nord-fron.kirken.no)